



Statsforvaltaren I Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8805 - 22/31891

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
26.04.2022

## **Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø med orientering til Statsforvaltaren i Vestland - gbnr 323/358 Frekhaug**

**Tiltak:** bruksendring  
**Byggjestad:** Gbnr: 323/358  
**Tiltakshavar:** Øyvind Dalland Husabø  
**Ansvarleg søkjar:**

Klage på delegert vedtak i sak 21/8805, med saknr. 22/6096, datert 21.02.2022, om avslag på søknad om bruksendring av tilleggsdel til hovuddel av rom i kjellaretasje samt søknad om fritak for tekniske krav i byggteknisk forskrift (TEK17) § 13-7 nr.2 om krav til dagslys - gbnr 323/358 Frekhaug, vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 20.04.2022, der følgjande vedtak vart fatta:

### **«APM- 057/22 Vedtak:**

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 21/8805, med saknr. 22/6096, datert 21.02.2022, vert oppheva. Det vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 20-1 gjeve løyve til omsøkt bruksendring av tilleggsdel til hovuddel av rom i kjellaretasje, samt søknad om fritak for tekniske krav - på gbnr 323/358 Frekhaug. Utvalet viser til plan- og bygningslova sin § 31-2, og meiner det vil vera uforholdsmessige kostnader knytt til å oppfylle tekniske krav."

Vedtaket av 20.04.2022 redegjør ikkje for dei uforholdsmessige kostnadene etter plan- og bygningslova (pbl.) § 31-2 fjerde ledd og oppfyller ikkje krav til grunngjeving etter forvaltningslova (fvl.) § 25, jf. § 24. Imidlertid så er kommunen sitt vedtak av 20.04.2022 endeleg. Statsforvaltaren i vestland skal ikkje ha vedtaket til klagevurdering. Det er ein moglegheit for ein lovlegheitskontroll etter kommunelova kap. 27. «Særlige grunner» i kommunelova § 27-1 annet ledd er sjeldan tilstades og Statsforvaltaren i Vestland vil truleg ikkje kontrollere om vedtaket er lovleg av eige initiativ. Presedensverknaden er ikkje tilstades da det her er snakk om rettsleg skjønn i byggteknisk forskrift (TEK17).

Klagesaka vert etter dette avslutta.

Vedtaket av 20.04.2022 vert sendt Statsforvaltaren i Vestland til orientering.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Klage på avslag på søknad om bruksendring av tilleggsdel til hovuddel i kjellaretasje samt søknad om fritak for tekniske krav - gbnr 323/358 Frekhaug  
Avslag på søknad om bruksendring - gbnr 323/358 Frekhaug  
Søknad om bruksendring versjon-1.0.3-3  
Søknad om fravik fra TEK17  
Samtykke fra nabo - bruksendring av kjelleretasje  
Situasjonskart  
Ny planløsning  
Nytt snitt  
Ny fasadetegning, Galtenesvegen 90  
Opprinnelig planløsning  
Fasadetegning, forklart  
Opprinnelig fasadetegning  
Planløsning forklart  
Opprinnelig snitt  
Klage på avslag på søknad om bruksendring - gbnr 323/358 Frekhaug

**Kopi til:**

Øyvind Dalland Husabø	Galtenesvegen 90	5918	FREKHAUG
-----------------------	------------------	------	----------

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Øyvind Dalland Husabø	Galtenesvegen 90	5918	FREKHAUG